



SUNNHORDLAND KRAFTLAG AS  
Postboks 24

5401 STORD

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Anne Rita Eriksen	926 46 329	2022/4247-21		24.06.2024

## Førespurnad - Avklaring i høve mogleg trong for dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Dammar Midtbotnvatn - rehabilitering

Det vert vist til førespurnad datert 17.06.2024, med opplysningar om at SKL no er i ferd med å opne morenetaket i Vasslia.

I vedtak om dispensasjon for området vart det vurdert følgjande:

### «Vurdering

*Ein er i dag meir og meir klar over kor viktig det er å ta vare på urørt natur. Utbetring av sjølve damanlegga vil i så måta ikkje råke urørt natur. Det er tiltaka som vert ein konsekvens av dette, som i størst grad vekker uro. Spesielt gjeld dette uttak av morenemassar ved Fjellhaugvatnet og midlertidig anleggsveg til foten av dammane ved Staffivatn. Utbetringa av møteplassar langs Blådalsvegen vil også visa att i terrenget, men her ligg det allereie ein veg så dette blir såleis ikkje noko nytt tiltak.*

### Moreneuttak ved Fjellhaugvatnet:

*Dette området er urørt og ligg i eit ope landskap, sentralt plassert i samband med utferdsel i fjellet. Tiltak i dette området vil såleis ligge svært eksponert.*

*Eit areal på 4400 m<sup>2</sup> skal dekke eit massebehov på 20 000 m<sup>3</sup> morenemasse. Over desse massane ligg torv og veksmassar som skal takast vare på ved mellomlagring og tilbakeførast.*

*Det er i ikkje sendt inn noko profil over terrenget etter at uttaket er gjort, berre ein illustrasjon. For å få ut den menga det er behov for, må dette uttaket bli mange meter djupt. Visualiseringa som er vist i søknaden av situasjon «sesongen etter at morene er tatt ut av massetaket» er lite informativ og gir ikkje god nok informasjon om det søkket som permanent kjem til å bli i terrenget.*

*Uttaket vil medføre relativt høge skjeringar spesielt i anleggsperiode. Då er det spesielt viktig med godt sikring mot tilstøytane terreng og stiar.*

*I søknaden er det vist «mulig utvidelse av moreneuttak» med ei stipla inngrepsgrense. Storleiken av dette arealet er ikkje oppgitt. Indirekte er det såleis søkt om eit større område for moreneuttak enn 4400 m<sup>2</sup>. Uttaket her er søknadspliktig etter PBL § 20-1. Det må ved innsending av søknad visast detaljert informasjon om tiltaket som inkluderer profil etter ferdigstilling og sikring i anleggsperioden og ev etter ferdigstilling.*

*Dersom det vert behov å utvide moreneområdet slik at dette vil føre til flytting av stien må endringssøknad behandlast.»*

**Ut frå dette vurderer kommunen at dette moreneuttaket er søknadspliktig etter pbl § 20-1, og dermed også mellombels lagringsplass som skissert i brevet.**

Sakshandsamar er på ferie i veke 26, men er attende i veke 27 og 28 og det vert bede om at de kontaktar sakshandsamar for vidare avklaring på søknadsprosessen. Sakshandsamar vil også kunne gje opplysningar om eventuelt krav til dispensasjon frå arealføremålet på staden.

Med helsing  
KVINNHERAD KOMMUNE

Synnøve Handeland  
Avdelingsleiar arealforvaltning

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*